



Vestland Fylkeskommune

PB 7900

5020 BERGEN

Deres ref

2020/74003

Vår ref

2021/1203-BJUB

Dato

18.03.2021

Høyringsinnspel - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033

Universitetet i Bergen takkar for høvet til å gje innspel til Vestland fylkeskommune sin plan for innovasjon og næringsutvikling. Utkastet til plan framstår som gjennomarbeidd og godt formulert. Planen si tydelege forankring i FN sine berekraftsmål svarar godt til UiB sine egne verdiar og strategiske satsingar.

Fleire tilhøve har gjort at UiB har auka satsinga på innovasjon og entreprenørskap, særleg dei siste fem åra. Av tiltak kan nemnast

- at feltet er løfta fram gjennom nye funksjonar i universitetet si faglege leiing
- Meir synleg i universitet sin strategi, og i utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet,
- egne handlingsplanar for innovasjon og entreprenørskap som er vedteke både for universitetet sentralt og for fleire av fakulteta.
- etablering av universitetet sine egne kunnskapsklynger i samarbeid med offentleg og privat sektor
- etablering av tidlegfase innovasjonsprogram – UiB idé
- etablering av innovasjonshub for studentar, og Bergen Entrepreneurship Academy i samarbeid med HVL og NHH
- etablering av inkubatorar for media, helsefag mm. i samarbeid med VIS - Vestlandets innovasjonsselskap

Utviklinga er påverka mellom anna av prioriteringar i regjeringa sin langtidsplan for forskning og høgre utdanning (meld.st. 4 (2018-2019)) og i prioriteringane til dei viktigaste finansieringskjeldene, som Forskningsrådet og EU. Konkrete resultat av satsingane er

Telefon 55 58 00 00
postmottak@uib.no
Internett www.uib.no
Org no. 874 789 542

Universitetsledelsen
Telefon 55 58 20 01/02

Postadresse
University of
Bergen, Postbox
7800
NO-5020 BERGEN

Besøksadresse
Muséplass 1
Bergen

Saksbehandler
Bjug Olav Bøyum
55584979

mellom anna betydeleg auke i talet på forskingsrådsfinansierte Senter for forskingsdrive innovasjon (SFI), og dei første gjennomslaga for prosjektmidlar til utvikling av gjennombrøtsteknologi i EU. Ei styrking av kultur for nyskappingsaktivitet i universitetet sine regionale omgjevnader vil vere til stor nytte også for våre eigne satsingar, og UiB er difor særers positive til etablering av ein regional plan og tilhøyrande handlingsplanar for Vestland.

UiB har lagt planen fram for fakulteta, og vil kommentere på eit utval av spørsmåla fylkeskommunen stiller i høyringsbrevet. I det vidare er spørsmåla frå høyringsbrevet markert med kursiv.

Hovudmålet i planen er: Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon

1. I kva grad gir planen ei tydeleg strategisk retning for arbeidet med innovasjon og næringsutvikling i fylket fram mot 2033?

Planen har tydelege mål og breie satsingsområde som skal byggje opp under måla.

Planen peiker på område der Vestland fylke har særlege føremoner og høve for vidare vekst, sett både i ein nasjonal og ein internasjonal kontekst. Den strategiske retninga er godt grunngjeve i regionen sitt behov for nyskaping og omstilling.

Nytten til planen vil i stor grad vere avhengig av konkretisering av satsingar og tiltak i handlingsplanane.

2. Planen har tre satsingar: Grøn næringsutvikling, Innovative og inkluderande samfunn, Areal til næringsutvikling Er dei tre satsingane og tilhøyrande strategiar veileigna for å nå måla?

Dei tre satsingane er godt eigna som utgangspunkt for å styrke og utvikle innovasjon og næringsutvikling i Vestland. I tillegg vil eit godt samspel mellom de tre satsingane vere naudsynt for å oppnå tilstrekkeleg kraft.

Vi er positive til planen si skildring av EU sin European Green Deal inkludert taksonomisystemet, og ser det som viktig at regionen har fokus på kva høve og potensielle utfordringar dette gjev for framtidig næringsutvikling.

Areal til næringsutvikling er eit viktig og riktig satsingsområde og vi støttar skildringa av behovet for å betre kunnskapsgrunnlaget om sjø- og fjellareal.

Det er lite tydeleg kva som meinast med «inkluderande samfunn» i planen. Dette omgrepet bør definerast. og inkludere innvandrarar. UiB vil også trekke frem at dimensjonar knytt til alder, kjønn, fattigdom, helse og distrikt er viktig å ta med når ein snakkar om eit inkluderande samfunn i Vestland.

4. På kva måte kan planen vere eit godt verktøy til å mobilisere ulike aktørar til å delta i arbeidet med innovasjon og næringsutvikling i fylket?

Planen vil kunne bidra til å sette retning i forhold til mobilisering, men erfaringsmessig er mobilisering på tvers av sektorar og fagfelt mest vellykka når ein har meir konkrete mål for kva ein ønsker å oppnå - og når ein har god oversikt over kva konkrete verkemiddel som er tilgjengelege. Handlingsplanane vil vere betre verktøy for dette, enn den overordna planen.

Vi ser det som viktig at dei ulike initiativa og aktørane som finst i dag (innan innovasjon, forskingsbasert innovasjon, studentinnovasjon, inkubatorar) samhandlar best mogeleg, og at nye initiativ eller arenaer for samarbeid vurderast opp mot dei aktivitetar som alt er etablert.

5. Korleis kan planen bli eit godt verktøy for å samordne offentleg innsats og verkemiddelbruk?

Planen vil kunne bidra til auka samhandling om kompetanseutvikling i regionen. UH sektoren i regionen utdannar menneske innan ei stor breidde fagfelt, og regionen har potensiale for å tiltrekke seg enno meir av denne kompetansen, for eksempel ved å opne for å tilsetje fleire nyutdanna.

Nærings- og arbeidsliv er under stadig utvikling og omstilling, noko som gjev auka krav til etter- og vidareutdanning. Her kan UiB være ein partner i etablering av relevante tilbod. Dette gjeld òg ordningar som tek studentar under utdanning i bruk som ein ressurs i private bedrifter så vel som i offentleg sektor.

Handlingsprogram 2021

8. Kva andre tiltak/aktivitetar bør inn i handlingsprogrammet for 2021 for å få på plass eit godt fleirårleg handlingsprogram for 2022-2025?

Planen for 2021 ser fornuftig ut gjeve føresetnadane. Avsnittet om verkemiddel peiker utelukkande på føretak i offentleg sektor som aktuelle aktørar for å identifisere og pakke verkemiddel til bruk i oppdraga. Også her kan konkrete forskingsmiljø vere gode partnerar som kan bidra med forskingsbasert kunnskap om verkemiddel i nyskappingsprosessar.

9. Kven bør delta i det regionale samarbeidet for å nå måla, og korleis skal samarbeidet verte organisert?

Slik regionplanen og handlingsplanen skisserer bør mange aktørar vere involverte, men vi vil særleg trekke fram VIS – Vestlandets Innovasjonsselskap som ein viktig partner i forskingsdriven innovasjon. VIS er eigd av SIVA og dei største akademiske institusjonane i regionen, og bør kunne fylla viktige roller i fylket sin strategi for næringsutvikling gjennom å vere eit viktig kompetansemiljø for nyskaping generelt og forskingsbasert nyskaping spesielt, og som kontaktledd mellom kapital- og næringslivsaktørar og dei viktigaste forskingsinstitusjonane i regionen.

Handlingsprogram 2022-2025

11. Kva forslag til strategiar og tiltak i handlingsprogrammet for 2022-2025 har du.

Universitetet vil peike på FoU og satsingsområda for forskning og utdanning som særskilt relevante område for tiltak og strategiar i handlingsprogrammet.

Innovasjon og næringsutvikling er i aukande grad kunnskapsbasert. Forsking er nemnt i planen som eit punkt som gjeld alle satsingane. FoU og innovasjon heng tett saman. Tiltak for å styrke FoU og FoU-basert kompetansekraft kunne med fordel vore ytterlegare framheva som eit eige satsingsområde, og bør uansett ha ein framtrødande plass i handlingsprogramma. Forskningsrådet sin indikatorrapport 2020 syner at vestlandet som region ligg langt under Oslo og Trøndelag i FoU-aktivitet målt etter folketallet, og at næringslivet sin andel av FoU er låg i deler av fylket.

(<https://www.forskningsradet.no/indikatorrapporten/indikatorrapporten-dokument/fou-i-norge2/regional-fordeling-av-fou/>). Samstundes er Osloregionen og Trøndelag dei einaste regionane i Norge som oppnår status som leiarar i EU sin Regional Innovation Scoreboard (https://ec.europa.eu/growth/industry/policy/innovation/regional_en).

For å byggje opp kompetansen som fylket har behov for er dei akademiske lærestadane sentrale. Sammen si kandidatundersøking 2020 syner at Vestland har ein nettogevinst i rekruttering av høgt utdanna arbeidskraft på 2.2% grunna dei akademiske institusjonane (<https://www.sammen.no/no/bergen/karriere/kandidatundersokelsen-2020-fra-studier-til-jobb-pa-vestlandet.pdf>). Ein må likevel følgje opp enkelte kompetanseområde, t.d. IKT-faga, der det ser ut til at mange av kandidatane rekrutterast til Oslo-regionen. Det er viktig at kommunar, regionen og academia spelar på lag slik at ein greier å rekruttere dei beste kandidatane nasjonalt (og dels internasjonalt) til lærestadane, og behalde dei i regionen etter fullførte studie eller phd-løp.

Vi trur det ville vere av stor verdi både for samfunnet og utdanningsinstitusjonane at næringslivet og det offentlege i endå større grad gjorde seg bruk av studentar, i form av praksis eller skriving av oppgåver som er relevante for regionen. Dette kan styrke rekrutteringa av kompetent arbeidskraft, samtidig som det gir utdanningsinstitusjonane eit endå nærare forhold til utfordringane i samfunnet. Men aller viktigast er at det kan få ny kunnskap som trengst for innovasjon og grøn omstilling raskare spreidd i regionen. At slike ressursar blir tatt i bruk over heile fylket er sjølvstøtt avgjerande.

Ei særskild grunn til å satse på FoU er dei nye mogelegheitene som ligg i opning av vitenskap, gjennom open tilgang på forskingslitteratur, data, med meir. Dette har potensiale for større utnytting av FoU-basert kunnskap i næringslivet og offentleg sektor. Eit område med særleg relevans er høvet for tilgang på forskingsinfrastruktur, der nasjonale og internasjonale ordningar krev at slike satsingar stillast til vege for brukarar utanfor academia ved høve. Dette kan òg vere gode område for fellessatsingar mellom academia og næringsliv.

Samhandling og møteplassar er eit viktig punkt under tema som gjeld alle satsingane (3.1). Alle FoU-aktørane - universitetet, høgskulane, helseføretaket og forskingsinstitutta, har verksemd som er direkte relevant for feltet. Dei seks sentra for forskingsdriven innovasjon (SFI) som vart tildelt bergensinstitusjonar i 2020 tilfører regionen nær 600 millionar kroner frå forskningsrådet over prosjektperioden på åtte år, i samarbeid mellom FoU-aktørar, offentleg sektor og næringsliv.

Mykje av verksemda til universitetet og andre FoU-institusjonar er ikkje direkte retta mot innovasjon eller næringsutvikling, men kan likevel ha høg relevans. Grunnforskning utgjer den største delen av det vitenskapelege arbeidet ved Universitetet i Bergen, der ny kunnskap er det primære føremålet. Academia og næringsliv treng møteplassar for å dele slik kunnskap. Særleg dei områda som oppnår status som framifrå i forskningsrådet og EU sine ordningar kan vere nyttige som utgangspunkt for dialog mellom sektorane, som kan skape grunnlag for nye idear til nyskaping og forskning. På universitetet strekk dette seg frå romforskning til mellomalderhistorie, med klår relevans for nyskaping men på heilt ulike næringsområde.

Regional plan peikar på klynger som sentrale verkemiddel i næringsutvikling nasjonalt. UiB er ein aktiv deltakar i Innovasjon Norge sine klyngeprogram, men har og etablert egne «kunnskapsklynger» i samarbeid med privat og offentlig sektor innan strategiske område: Klima, energi og teknologi, marin, media, helse og middelalderkunnskap. Universitetet satsar på innovasjon i heile breidda av disiplinær, fagfelt og profesjonar, men kunnskapsklyngene kan vere særleg nyttige rammer for møteplassar og felles satsingar, sjå <https://www.uib.no/strategi/104122/kunnskapsklynger>. For regionen kan ein peike på desse områda som særskilde fortrinn som kan vektleggast strategisk grunna etablert samarbeid, særleg der ein har oppnådd store tildelingar for forskingssenter og innovasjonsmiljø. Fleire av satsingsområda kan knyttast til verdikjedene som Regionplanen trekk fram. Dette kan synleggjerast med nokre døme.

Over 150 private selskap, fleire oppstartmiljø og forskingsinstitusjonar er allereie involvert i den marine klynga på Marneholmen. To av SFI-prosjekta som gjekk til Bergen i 2020 ([SmartOcean](#) og [CRIMAC](#)) er knytt til miljøa rundt denne klynga, og UiB har tidlegare vore vertskap for yttarlegare eitt.

Medieklynga er godt etablert i Media City Bergen, og her vart universitetet og partnarar óg tildelt SFI-midlar for arbeid med kunstig intelligens og framtidens mediebilete ([MediaFutures](#)).

Helsenæringa omset for 148 milliardar i året. Innovasjon og entreprenørskap ved sjukehusa, med utspring frå verdsligande fagmiljø ved UiB, har betydeleg verdiskapingspotensiale både gjennom etablering av selskap og effektivisering. Også her har Bergen oppnådd eit SFI, innan mental helse ([Centre for research-based innovation on Mobile Mental Health](#)) koordinert av Helse Bergen. Helse er ei føresetnad for eit inkluderande samfunn, og COVID-19 er eit eksempel på korleis helseinnovasjonar er eigna til å skalere hurtig, globalt. Samtidig er helse i aukande grad eit høve for å skape arbeidsplassar i Vestland. Med pågåande nyvinning innan både kunstig intelligens, robotteknikk og bioteknologi har Vestland eit moglegheitsvindaue, og eit konkurransefortrinn i forhold til etablerte globale aktørar.

Helsenæring er difor eit område Vestland fylkeskommune har eit regionalt fortrinn og dette bør prioriterast som ei av de framtidige moglegheitene når handlingsplanane for innovasjon og næringsutvikling leggast for åra framover.

UiB arbeidar vidare for å utvikle kapasitet og infrastruktur for innovasjon. Som ledd i dette byggjer vi no mellom anna Helseinnovasjonssenteret på Haukeland, ved BB-bygget og i Alrek helseklynge. Det medisinske fakultet ønskjer at Vestland fylkeskommune sine strategiske planar bidreg til å løfte fram desse som viktige regionale knutepunkt for innovasjon innan helse, og både Helseinnovasjonssenteret og Alrek helseklynge vil framover vere viktige møteplassar for innovative miljø i Vestland. Ulike verkemiddel for innovasjon og entreprenørskapsklynger kan bidra til eit meir heilskapleg løp fram mot implementering og eksport av ny teknologi og bioteknologi og nye løysingar i helse- og omsorgstenesta. Vi ser at det vil vere behov for stimuleringsmidlar for å få til auka samarbeid mellom industri, tenester og akademia.

For å skape gode tilhøve for entreprenørskap og innovasjon i kunnskapsnæringar er fysisk nærleik mellom forskingsinstitusjonane og nyskapingstiljøa ein viktig faktor. Arealsatsinga i planen er difor viktig, også i byområdet: det må vere gode rom for næringsutvikling og nyskapingstiljø i omgjevningane til dei store forskingsmiljøa i Bergen sentrum og på Haukeland. I andre byar er det etablert egne innovasjonsdistrikt, t.d Oslo Science City, og her bør Vestland følgje opp.

12. Har de innspel til felles utfordringar eller innsats innafor dei tre satsingane som må sjåast nærare på kort og lang sikt?

“Kunnskap som formar samfunnet” er UiBs overordna strategi for perioden 2019 til 2022. Å få tatt forskning og studentar endå meir i bruk i heile Vestland vil vere eit komparativt fortrinn for regionen i arbeidet med omstilling mot ei berekraftig framtid. Å utvikle felles arenaer for å nå dette målet bør sjåast nærare på.

13. Korleis kan din organisasjon bidra i samarbeid eller partnerskap for å nå måla i planen?

Fleire av tiltaka som er nemnt i innleiinga er knytt til UiB sin handlingsplan for innovasjon og entreprenørskap, og vil bli vidare utvikla i åra som kjem. Frå handlingsplanen kan vi særleg trekke fram mål om å styrke samarbeid om innovasjon med næringsliv og offentleg sektor, og auke utdanningstilbodet innan innovasjon og entreprenørskap. Universitetet vil arbeide vidare med å utvikle kapasitet og infrastruktur, men vil få betre resultat dersom arbeidet i enno større grad skjer i samarbeid med regionen.

Universitetet vil særleg arbeide saman med randsonebedriftene der universitetet har eigarskap, og som har direkte roller i innovasjonsprosessar – Norce og VIS - for å sikre ei heilskapleg og sterk tilnærming til feltet.

Venleg helsing

Margareth Hagen

rektor

Robert Rastad

universitetsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrevne signaturer.